

coop
SUMMERMIXS
Miks 3 for **69,-**

I sommer kan du spare ekstra mye penger hos Coop. Se etter symbolet og miks tre produkter som passer deg.
God sommer!

Gourmet torskfilet
Findus, 400 g, pr pk

39⁹⁰
Pr kg 99,75

400 G
4-11 FLETTA
SVEINER

TIPS! STEKT TORSK
MED DRIER OG MANDLER,
OPPSKRIFT PÅ BAKSIDEN

Fiskekaker
Lofoten, 500 g, pr pk

39⁹⁰
Pr kg 79,80

Lofoten
Fiskekaker
FROSTET
Lofoten er god! Fiskekaker
Lofoten er god! Fiskekaker

60%
11%
11%

**Jordbær-/
Bringebærsyltetøy**
Røra, 800 g, pr glass

16⁹⁰
Pr kg 21,13

**Bringe-
syltetøy**
**Jordbær-
syltetøy**


6-pk. Krone-Is
Diplom-Is.
Jordbær og sjokolade

Medlemskupp
28,90
Kr. 4,82 per stk

coop
Marked

Medlemskuppet gjelder fra 26. april til 1. august
Tilbudene gjelder kun private husholdninger og varer fra tirsdag 7. juni
t.o.m lørdag 12. juni 2010. Forbehold om utsolgt og trykfeil.

Ukens tilbud **coop**
marked



Godt i gang: Frode Strønen gler seg over at andelsteinkinga til Fiskråfjorden er godt i gang. Her frå ein vel-lukka dag på fjorden.

Arkivfoto: Lauritz Eide

Hundre tusen "i boks"

Det nye samvirket *Fiskråfjorden* har passert dei fyrste hundre tusen kronene i andelsteinkinga.

LARS ARVID OMA

Så langt har samvirket 18 medlemmer med til saman 107.000 kroner i andelskapital. Men dette er ikkje nok.

– Er ser føre meg at me bør passera 600.000 kroner i eigenkapital og tilskot før me er i mål og kan finansiera prosjektet på tre millionar kroner, seier ein av initiativtakarane, deltidsfiskar Frode Strønen frå Jondal.

Han er gledeleg overraska over responsen.

Fiskråfjorden skal finansierast gjennom Cultura bank, som fekk Nordisk råds kultur- og miljøpris for 2010.

Kortreist sjømat

Prosjektet *Fiskråfjorden* spring ut frå ei gruppe fiskarar og entusiastar i Hardanger som ser trøng for nye måtar å ta i bruk og omsetja råvarer frå Hardangerfjorden og fjordområda rundt på. Initiativ-

takarane tykkjer det er på tide at sjømat vert ein del av trenden med kortreist og særige tradisjonsmat.

Dei lokale initiativtakarane har i samarbeid med Norges vel, Hordaland fylkeskommune og Hardangerrådet tidlegare lagt fram resultatet av forprosjektet til *Fiskråfjorden*. Det vart mellom anna slege fast at det er økonomisk forsvarleg å gå vidare med planane om eit fiskarsamvirke med tilhøyrande sjømatutsal og serveringsstad i Bergen. Råvarene skal leverast av fiskarar i Hardangerfjorden, Midthordland og Nordhordland.

Driftsselskapet har allereie fått avtale om levering av råvarer til Nordhordland fisk AS i Bøvågen på Radøy.

– Tid for å satsa

– Eg er imponert over at ein del personar som ikkje har tilknytning til Hardanger, har bidrege med større summor. Dette fortel noko om at prosjektet har interesse langt utanfor kjerneområdet. Men reaksjonen i kjerneområdet er treg. Eg håpar det gamle ordtaket om at ein ikkje rir same dagen som ein sa-

lar, ikkje går i oppfyljing når det gjeld hardingane. No er det tid for å satsa, oppmodar Strønen.

Han tykkjer råvarene i fjorden er skammeleg dårleg utnytta, og meiner det er på høg tid å gjera noko med råvaretilgangen. Han fryktar heller ikkje for kvaliteten på fisken.

Havforskningsinstituttet har stadfesta at Hardangerfjorden er i god forfatning, med sterke strumar og god vassutskifting. Fisken står ikkje tilbake for den som sym langs kysten og i havet, seier fiskaren frå Jondal.

Fiskråfjorden vert presentert med stand både på Hardanger båtfestival og på handverksmessa i Jondal. Strønen håpar på god respons frå hardingar og andre med sans for det fjorden har å by på.

Eit av hovudproblema for rykkesfisket i Hardangerfjorden er vore mangelen på fiskemottak. Dette vert det ei ordning på gjennom prosjektet.

Ideelle lokale

Strønen er særns nøgd med at *Fiskråfjorden* har fått høve til å kjøpa næringslokale i det nye husværespjeksjetet Måken sameie i Damsgårdssundet, som er under planlegging. Komplekset skal innehalda 67 husvære og tre næringsseksjonar.

– Ein bør ikkje vera for opp- teken av at butikkdrifta vart flytta frå Norheimsund til Bergen. Fiskebutikken i det folkerike området vil kunna skapa ein solid base for fiskerisatsinga i Hardangerfjorden. I gangavstand frå butikken bur og arbeider det minst 10.000 menneske. Klarar me å få til ei god drift i Bergen, vil det skapa grunnlag for vidare satsing. Då kan Norheimsund igjen verta aktuell, seier Strønen.

Skyttelbuss
inkl. i prisen

Flesland
PARKERING
917 29 000 - www.fleslandparkering.no

eneste dagnbemannede parkering

STORØY
BERGEN
CAMO

Pris pr. døgn/ 75,- 1 uke/ 450,- 2 uker/ 750,- Bemannet 24 timer i døgnet

oma@hf.no